



Skjåk kommune
Moavegen 30
2690 Skjåk

Trondheim, 14.07.2020

Deres ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2020/2150

Saksbehandler:
Anders Braa

Svar på brev om forvaltning av jerv frå Skjåk kommune

Vi syner til brev frå Skjåk kommune, som stiller einaskilde spørsmål til direktoratet om forvaltning av jerv. Vi vil med dette forsøke å svara på dei.

Kvifor er det ikkje gjort forsøk på hiuttak i Reinheimen - Breheimen denne vinteren?

Hiuttak av jerv er ekstraordinære skadeførebyggande uttak som Miljødirektoratet iverksetter i område med store tap av beitedyr til jerv. Tiltaket er inngripande og kontroversielt, og vi nyttar difor dette verkemiddelet berre i område med stor skade og der andre verkemiddel har avgrensa effekt.

I 2019 blei det påvist tap av 11 sau/lam som skuldast jerv i Skjåk. Fylkesmannen erstatta etter ei vurdering 244 sau/lam som tapt til jerv samme år i Skjåk kommune. Dei påviste tapane hadde ikkje ei tydeleg geografisk samanheng med ynglelokalitetane i 2020, og den mest nærliggande lokaliteten blei dokumentert gjennom funn av 2 daude kvalpar. Til saman er det så langt påvist 7 ynglingar i Oppland denne vinteren, der minst 2 av desse er mislukka ynglingar. Bestandsmålet er 4 årlege ynglingar.

Skjåk kommune er innafor forvaltingsområdet for jerv i region 3, der jerv i prinsippet etter kravet om differensiert forvaltning skal ha prioritet. Situasjonen i Oppland er ulik ein del andre regionar på det viset at store delar av leveområdet for jerv er innafor forvaltingsområdet, og terskelen for uttak er difor noko lågare. Direktoratet fann likevel ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å iverksette hiuttak i Skjåk i våre fortløpande vurderingar gjennom vinteren.

Miljødirektoratet strekar under at hiuttak ikkje er eit bestandsregulerande verkemiddel, men er knytt til konkrete skadesituasjonar eller til reduksjon av skadepotensial av ei viss storleik. Lisensfelling skal nyttast for å regulere bestanden.

Kva er årsaka til avvik mellom forvaltningsnivå (bestandsmål) og Stortingets vedtak (bestandsmål) ?

Som nemnd over, er det lisensfelling som skal vere hovudverkemiddelet for å justere bestanden inn mot bestandsmålet. I våre vurderingar på vinteren tar vi også omsyn til bestandsstorleiken, eller prognosen for talet på ynglingar, før vedtak om ekstraordinære uttak. Dersom bestanden er over målet, vil det påverke innslaget for tiltak i høve til det aktuelle skadepotensialet, og motsett

dersom bestanden ligg under målet. Det er uansett vilkår at felling ikkje vil vere til skade for bestanden si overleving og at det ikkje finst tilfredsstillande alternative tiltak til felling.

Vi voner dette gjev ei forklaring på at det kan bli avvik mellom bestandsmål og faktisk bestand etter yngling. For region 3 er det likevel ikkje stort avvik i år, dersom ein ser på overlevande ynglingar. Vi tar atterhald om at det kan bli endringar i talet på ynglingar før Rovdata publiserer dei offisielle tala i oktober.

Kva for tiltak blir satt i verk for at forvaltninga skal nå bestandsmålet som er fatta i Stortinget ?

Det er gjort mykje arbeid dei seinare åra for å styrke interessa for - og effektiviteten av lisensfellinga. Tidlegare Fylkesmannen i Oppland lanserte for nokre år sidan eit lisensfellingsprosjekt, der styrka interesse og auka effekt i lisensfelling av jerv var føremålet.

I 2015 opna Klima- og miljødepartementet for eit forsøksprosjekt med høve til å nytte nye verkemiddel i lisensjakta på jerv, som kunstig lys på åte og elektronisk overvaking av jervebås. Samstundes blei motorferdselsforskrifta permanent endra slik at det no er høve, etter søknad til kommunen, å nytte snøskuter til å køyre ut jervebås, åte og åtebuer i tillegg til tilsyn med jervebåsar (§ 5b).

Kva planar har forvaltninga for villreinstammen og aukande rovdyrpress ?

Villrein er del av det naturlege mangfaldet som ingen har eigedomsrett til. Forvaltninga si primæroppgåve er å sikre dei vedtatte bestandsmåla for rovdyr utan at skadene på beitenæringa blir for store. Det er ikkje forvaltninga si primære oppgåve å regulere naturlege interaksjonar mellom viltlevande bestandar. Vi har dessutan ikkje kunnskap som tydar på at predasjonstrykket på villrein er unormalt høgt.

Kva for risiko- og sårbarheitsanalyser ligg føre for artsmangfaldet der beitebruken blir sterkt redusert eller fråverande ?

Som nemnd over er hovudføremålet for rovviltforvaltninga å sikre den to-delte målsettinga: Rovviltbestandar i samsvar med vedtatte bestandsmål og med minst mogleg skade på beitenæringane.

Kva effektar beitenæringa har på det biologiske mangfaldet vil vere avhengig av mange parametere og korleis ein måler biologisk mangfald. Rovdyr er uansett ein viktig del av naturmangfaldet i eit velfungerande økosystem. Endringar i beitebruken skuldast i all hovudsak strukturelle endringar i næringa, som færre og større bruk, auka produktivitet, mindre bruk av skogsbeite og redusert storfebeite. Førekost av rovvilt har liten betydning i denne samanhengen i dei fleste delane av landet. Det er dessutan problematisk å sjå på dei store rovdyra som trugsmål for det same biologiske mangfaldet som dei er ein integrert del av. Direktoratet kan ikkje sjå det er grunnlag for risiko- og sårbarheitsanalyser av rovdyr sin verknad på det biologiske mangfaldet.

Hilsen
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Erik Lund
fung. seksjonsleder

Anders Braa
seniorrådgiver

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på www.norge.no.